

MASFJORDEN KOMMUNE  
Oddvin Neset  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Deres ref.:  
Vår ref.: 17/35956-30  
Saksbehandler: Siv-Lise Bendixen Stærk  
Dato: 13.03.2023

*Dette er en kopi. Originalbrevet er sendt til MASFJORDEN KOMMUNE .*

---

## **Innvilgar tilskot til Førebyggande helsetenester til barn, unge og foreldre over statsbudsjettet 2023 kap. 762, post 60**

Helsedirektoratet viser til søknad på tilskot 07.12.2022 under tilskotsordninga Styrking og utvikling av helsestasjons- og skulehelsetenesta.

### **INNVILGING AV TILSKOT**

Helsedirektoratet innvilgar tilskot på inntil 415 680 kroner til Førebyggande helsetenester til barn, unge og foreldre over kap. 762, post 60 på statsbudsjettet for 2023.

Tilskotsbeløp som skal utbetalast i år er 415 680 kroner. Det tas atterhald om at det ikkje er mottatt rapportering på fjorårets tildeling på tidspunkt for vedtak. Som hovudregel vil første termin av årets tildeling ikkje utbetalast før rapporteringa er mottatt. Det er ein føresetnad for utrekning av tilskot og utbetaling for andre termin at vi har teke imot og godkjent rapportering og rekneskap får i fjor.

Termin dato	Terminbeløp	Kapittel.post
03.04.2023	207 840	kap. 762, post 60
03.07.2023	207 840	kap. 762, post 60

Kommunen fekk i 2021 innvilga eit treårig tilskot og får for 2023 innvilga tilskot med same ramme som ved tildeling for 2022.

For 2023 er det bevilga 434 600 000 kroner til tilskotsordninga. Vi har teke imot 331 søknader, og av desse har 329 fått tildelt tilskot.

I vurderinga vår har vi mellom anna lagt vekt på tildelingskriterium, budsjettet for søknaden, forventa måloppnåing og framdriftsplan.

Vi har prioritert å innvilge flest mogleg søknader innanfor eit lite budsjett, derfor innvilgar vi berre søknaden delvis.

#### **Helsedirektoratet**

Avdeling barne- og ungdomshelse

Siv-Lise Bendixen Stærk

Postboks 220 Skøyen, 0213 OSLO • Besøksadresse: Vitaminveien 4, Oslo • Tlf.: (+47) 47 47 20 20

Org.nr.: 983 544 622 • postmottak@helsedir.no • www.helsedirektoratet.no

Tilskot skal jf. tilskotsregelverket punkt 4 ikkje kompensere for eventuelle kutt i stillingar kommunen finansierer sjølv.

## **VILKÅR FOR TILSKOTET**

### **Mål, føringar og vilkår**

Tilskotet skal brukast i samsvar med budsjett og tiltak som er beskrivne i søknaden, regelverket for ordninga og krava i dette brevet.

Målet er å styrke og utvikle kommunens helsestasjons- og skulehelseteneste.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta inkluderer svangerskaps- og barselomsorg ved helsestasjon, helsestasjons- og skulehelsetenester for barn og ungdom 0-20 år. Tilskotsordninga omfattar også helsestasjon for ungdom.

Styrking forståast som auka kapasitet og tilgjengelegheit for målgruppa.

Utvikling forståast som auka kvalitet, kompetanse og tverrfagleg arbeid i tråd med Nasjonale faglege retningsliner for helsestasjons- og skulehelsetenesta, Nasjonale faglege retningsliner for barselomsorga og Nasjonale faglege retningsliner for svangerskapsomsorga.

Målgruppa er gravide og deira partnarar, barselfamiliar og barn og unge og deira familiar.

Tilskotsordninga skal bidra til å oppfylle formålet med tenesta, det vil seie å:

- a) fremme psykisk og fysisk helse,
- b) fremme gode sosiale og miljømessige forhold,
- c) førebygge sjukdom og skadar,
- d) utjamne sosial ulikskap i helse, og
- e) førebygge, avdekke og avverje vald, overgrep og omsorgssvikt.

Tilskotet skal ikkje dekkje utgifter til innkjøp av utstyr eller investeringar.

Tilskotet kan ikkje omdisponerast til andre føremål utan skriftleg godkjenning frå Helsedirektoratet.

## **RAPPORTERINGSKRAV**

### **Rapporteringsfrist**

De skal rapportere til Helsedirektoratet seinast innan **1. april** neste år. For prosjekt/aktivitetar/drift som går over fleire år, skal de rapportere kvart år de tek imot tilskot. Nærmare krav til rapportering finn de nedanfor.

De skal rapportere i eit elektronisk skjema. For meir informasjon sjå [www.helsedirektoratet.no/tilskudd/rapportering](http://www.helsedirektoratet.no/tilskudd/rapportering).

### **Rapportering på måloppnåing**

Rapporteringa skal forklare korleis og i kva grad måla for tilskota er oppnådde. Dette gjer de ved å gi ein rapport på følgjande rapporteringskrav:

Rapporteringsfrist er 01.04. året etter at tilskotet blei tildelt. Sjølv om tilskotet innvilgast for ein treårsperiode skal det rapporterast for kvart enkelt år. Det skal rapporterast for kalenderåret, dvs. resultat per 31.12. i året tilskotet blei tildelt for.

Rapporteringa skal innehalde måloppnåing, rekneskap og revisoruttale, inkl. avtalte kontrollhandlingar

Måloppnåing: Tilskotsmottakars vurdering av gjennomførte tiltak og korleis/i kva grad dette har bidratt til at måla for tilskotsordninga (sjå punkt 1) er oppnådd. Rapporteringa skal kortfatta beskriva status og utvikling for:

- Kor mange nye stillingsbrøkar/årsverk for yrkesgrupper som er omfatta av tilskotet, jf. punkt 4 (helsesjukepleier, jordmor, fysioterapeut, lege, psykolog og administrativt støttepersonell.)
- Tilgjengelegheit og synlegheit (t.d.: at tenesta/tilbodet: er til stades fleire dagar/timar, har meir praktisk plassering for brukarane og samarbeidspartnarane, og/ eller deltar i større grad i skolens aktivitetar og undervisning.)
- Tverrfagleg samarbeid mellom yrkesgruppene i helsestasjons- og skulehelsetenesta og samarbeid på leiarnivå i kommunen, med barnehagar, skoler og andre relevante aktørar.

### **Rekneskapsrapportering**

Det skal førast rekneskap for tilskotet, skilt frå resten av rekneskapen for eksempel med ein prosjektkode. Rekneskapen skal berre vise kva for utgifter som er dekte av tilskotet. Rekneskap skal førast i tråd med Kostras kontoplan. Ei utskrift av prosjektrekneskapen som er forelagt revisor skal leggjast ved rapporteringa.

Rapporteringsmalen inneheld ferdig definerte utgiftskategoriar som rekneskapstala skal førast inn i. I tillegg skal det leggjast ved rekneskapsutskrift direkte frå økonomisystemet som viser kva artskonti utgiftene er fordelte på. Utskrifta kan vise utgifter aggregerte per art og treng ikkje vise dei enkelte bilaga. De finn meir informasjon om krav til rekneskapen i standardvilkåra.

### **Revisorkontroll**

Rekneskapen skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner). Revisjon skal følgje standard ISRS 4400, med følgande avtalte kontrollhandlingar:

Revisor skal kontrollere:

- At inntekter, inkludert fondsmidlar frå tidlegare år og refusjon av sjukeløn m.m., er korrekt ført i prosjektrekneskapen
- At tilskotet er nytta til lønsrelaterte kostnader som definert under punkt 4 i tilskotsregelverket.
- At lønsrelaterte kostnader er nytta til fagkompetanse i tråd med punkt 4 i tilskotsregelverket.
- At ubrukt tilskot er korrekt satt av til fond og stadfeste beløp
- At rekneskapen er riktig.

Mottakaren av tilskotet må gi revisor ein kopi av dette brevet før revisorkontroll. Krav til revisorstadfesting gjeld ikkje for tilskotsbeløp lågare enn 200 000 kroner.

Dersom det innvilga tilskotet er høgare enn kr 200 000 kroner per år, men forbruket er lågare enn kr 200 000 kroner per år, kan de levere revisorstadfesting for to år om gongen.

#### **KLAGERETT**

De har ikkje rett til å klage på avgjersla. Dette følgjer av forvaltningslova § 28.

All korrespondanse skal sendast til [postmottak@helsedir.no](mailto:postmottak@helsedir.no) eller postadressa vår og skal merkjast med referansen vår 17/35956.

Vi ønskjer dykk lykke til med arbeidet og ser fram til å høyre om resultatata.

Vennleg helsing

Ellen Margrethe Carlsen e.f.  
avdelingsdirektør

Siv-Lise Bendixen Stærk  
seniorrådgiver

*Dokumentet er godkjent elektronisk*

Kopi:

**Kontaktperson**

---

MASFJORDEN KOMMUNE

Oddvin Neset

# STANDARDVILKÅR FOR TILSKOT FRÅ HELSEDIREKTORATET

(Gjeldande frå 12.09.2022)

## Generelle vilkår

Tilskotsmiddel frå Helsedirektoratet skal bli brukt i tråd med gjeldande lover og reglar, og etter dei føresetnadene som er gjeve i regelverket for tilskotsordninga og i tilskotsbrevet.

Dette inneber òg krav til at det blir utøvd god forvaltningsskikk, habilitet og etisk framferd i gjennomføringa av tilskotsaktiviteten. Tilskotsmiddel skal primært nyttast til aktivitetar som er lokaliserte og går føre seg i Noreg.

Innvilga tilskotsmiddel kan ikkje disponerast om til andre føremål utan skriftleg godkjenning frå Helsedirektoratet. Tilskotet kan falle heilt eller delvis bort dersom mottakaren av tilskotet endrar planane og/eller føresetnadene som ligg til grunn for tilskotet. Dersom aktiviteten krev mindre middel enn føreset, kan Helsedirektoratet redusere tilskotet høvesvis.

Det er ikkje høve for mottakarane av tilskot å nytte offentlege middel til å finansiere den same aktiviteten som allereie er fullfinansiert av offentlege tilskotsmiddel.

## Nulltoleranse for misleghald av tilskot

Helsedirektoratet har nulltoleranse for misleghald av tilskot. Dette gjeld òg for tilskot der tilskotsforvaltninga er delegert til andre aktørar, til dømes Statsforvaltaren.

Helsedirektoratet er pliktig til å gjere tiltak når det kjem fram informasjon om mogleg misleghald av tilskotsmiddel. Direktoratet kan stanse utbetaling av tilskot ved mistanke om at mottakaren gir uriktige opplysningar eller at mottakar ikkje nyttar tilskotet i samsvar med dei fastsette vilkåra. Vidare kan Helsedirektoratet krevje tilskotet betalt tilbake dersom det er dokumentert misleghald, medrekna at mottakaren ikkje fyller krava som blir stilte i regelverket, eller at det er gitt uriktig opplysningar.

Direktoratet har òg høve til å nekte tilskotsmottakaren å få tilskot i eitt eller fleire følgjande år dersom tilskotet ikkje blir nytta i samsvar med fastsette vilkår. Misleghald av tilskotsmiddel kan få rettslege konsekvensar.

Praktisering av nulltoleranse for økonomisk misleghald skal bli sett i samanheng med gjeldande regelverk for bruk av løyvde middel og etiske retningsliner for statstenesta.

## Lønnsmiddel og reisekostnadar

Lønnsmiddel som i hovudsak blir finansierte av tilskot, bør ikkje overstige det som er rimeleg i høve til statlege lønningar. Reisekostnadar må ikkje vere høgare enn satsane i reiseregulativet til staten. Sjå personalhandboka til staten.

## Utstyr og investeringar

Tilskotet skal ikkje dekke utstyr eller investeringar av varig karakter, dersom ikkje noko anna kjem fram i tilskotsregelverket eller tilskotsbrevet. Tilskotet kan likevel dekke naudsynte driftskostnadar eller del av driftskostnader der dette er i samsvar med vedtaket.

I tilfelle der utstyr og investeringar blir dekte, blir dette rekna som eigedommen til staten. Ved sal kan difor Helsedirektoratet krevje at tilskotsmottakaren betaler tilbake restverdien.

## Offentlege innkjøp

Verksemder som gjer innkjøp med tilskotsmiddel frå Helsedirektoratet må etterleve lov om offentlege innkjøp og forskrift om offentlege innkjøp. Statlege, fylkeskommunale og kommunale organ er omfatta av dette.

Andre mottakarar av tilskot er omfatta av reglane når dei kan reknast som offentlegrettslege organ. Sjå forskrift om offentlege innkjøp § 1-2.

## **Etterleving av regelverk om offentlig støtte**

Regelverket om offentlig støtte, som oftast kalla statsstøtteregelverket, er ein del av den klassiske EU-retten, og Noreg er bunde av dette regelverket gjennom EØS-avtalen. Den som mottok tilskot er sjølv ansvarleg for å sikre at tilskotet ikkje direkte eller indirekte blir nytta til økonomisk aktivitet som kan vri konkurransen eller bygge opp eigenkapital. Tenesta blir sett på som ein økonomisk aktivitet der det offentlege deltek i ein marknad og tilbyr varer og tenester i konkurranse med private og andre offentlege aktørar.

Tilskotsmottakarar som driv økonomisk aktivitet, må gjere tiltak for å unngå ulovleg kryssubsidiering. Tiltaka som tilskotsmottakaren set i verk skal difor sikre at aktiviteten som er finansiert av tilskot blir halden skilt frå den konkurranseutsette aktiviteten. Dette kan sikrast gjennom skilde rekneskapar og fordelingsnøklar for fordeling av indirekte kostnader mellom aktivitetane.

Sjå mellom anna artikkel 61 til EØS-avtalen og konkurranselova § 11 c.

## **Rapportering**

Mottakarar av tilskot er forplikta til å rapportere til Helsedirektoratet om korleis midla er brukt i samsvar med krava i tilskotsbrevet. Vidare skal tilskotsmottakar rapportere om korleis mål er oppnådd og rapportere økonomi eller rekneskap på ein måte som gjer at Helsedirektoratet kan kontrollere at pengane er brukte til føremålet i tilskotsregelverket, tilskotssøknaden og tilskotsbrevet. Transaksjonar mellom nærstående skal det bli gjort spesielt greie for.

Tilskotet frå Helsedirektoratet skal bli nytta til å dekke det reelle finansieringsbehovet for å gjennomføre aktiviteten. Rekneskapen skal inkludere alle inntekter som er relaterte til aktiviteten som er finansiert av tilskotet. Inntekter kan vere refusjonar av sjukeløn, deltakaravgifter, kiosksal, sponsormiddel m.m. Det blir føreset at eventuelle prisar på varer og tenester blir avgrensa til eit nivå som gjer at tilleggsinntektene ikkje blir å sjå på som økonomisk aktivitet.

## **Momskompensasjon til frivillige organisasjonar**

Eventuelle tilskot frå momskompensasjonsordninga for frivillige organisasjonar skal haldast utanom rekneskapen som blir rapportert for aktiviteten. Alternativt skal momskompensasjonen merkast tydeleg, slik at eit eventuelt overskot som kjem frå momskompensasjon, ikkje blir trekt frå framtidige tilskot eller blir kravd betalt tilbake.

## **Tilskot som ikkje blir nytta**

### **1. Overføring av tilskotsmiddel til neste år**

Dersom det står att ubrukne tilskotsmiddel på slutten av året, og aktiviteten ikkje er fullført, kan tilskotsmottakaren søke om å få overført tilskotet vidare til neste år. Dette gjeld berre eitt år.

Dersom mottakaren berre skal søke om overføring av dei ubrukne midla, krevst ein kortfatta søknad pr. e-post. Sakshandsamaren vurderer behov for ytterlegare opplysningar før søknaden om overføring kan bli handsama.

Dersom mottakaren av tilskot i tillegg til å søke om overføring av dei ubrukne midla, ønsker å søke om ytterlegare middel det følgande året, skal dei ubrukne midla vere med i den nye søknaden i samsvar med årleg søknadsprosedyre. Søknadsbeløpet må innehalde informasjon om både ubrukt tilskot og nytt tilskot.

### **2. Tilbakebetaling**

Tilskotsmiddel som ikkje er nytta skal opplysast i rapporteringa frå tilskotsmottakaren. Unytta tilskotsmiddel ein ikkje søker om å overføre til neste år må tilskotsmottakaren betale tilbake til Helsedirektoratet. Har mottakaren fått tilskot frå fleire enn Helsedirektoratet til same aktivitet, vil delen av dei ubrukne midla som svarar til Helsedirektoratet sin del av det samla tilskotet, bli kravde tilbake.

Helsedirektoratet vil sende ein faktura på beløpet som skal bli betalt tilbake etter at rapporteringa er handsama.

### **Dokumentinnsyn**

Mottakarar av tilskot har rett på innsyn i dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19.

### **Tilsyn eller kontrollar**

Rapportar eller resultat frå relevante offentlege tilsyn eller kontrollar skal bli sendt til Helsedirektoratet fortløpande.

### **Kontroll av tilskotsmottakarar**

Helsedirektoratet kan kontrollere at tilskotet blir brukt etter føresetnadene i regelverket og tilskotsbrevet. Opplysningar som ligg til grunn for at tilskotet er innvilga og den etterfølgande rapporteringa, skal vere riktige. Sjå reglementet for løyve (bevilgningsreglementet) § 10, 2. ledd.

Helsedirektoratet kan setje i verk naudsynte og formålstenlege kontrollar. Direktoratet kan òg gje ei anna verksemd fullmakt til å gjere kontrollar. Vidare har Riksrevisjonen tilgang til å kontrollere om tilskot blir brukt etter føresetnadene, jf. lov om Riksrevisjonen § 12.

Tilskotsmottakarar skal legge fram opplysningar ved førespurnad og på andre måtar bidra til å gjere kontrollarbeidet mogleg og lettare.

### **Oppbevaring av dokumentasjon**

Helsedirektoratet krev at rekneskapsdata og dokumentasjon av opplysningar som ligg til grunn for søknaden eller rapporteringa, skal takast vare på for kontroll i minimum 10 år etter tilskotet blei teke imot. Sjå lov om nasjonale saksbehandlingsreglar i saker om offentleg trygd § 8 (støtteprosesslova).

### **Gje melding om endringar**

Tilskotsmottakaren må varsle Helsedirektoratet dersom adresse, bankkontonummer, organisasjonsnummer eller tilsvarande er endra.

<b>Mottaker</b>	<b>Kontaktperson</b>	<b>Adresse</b>	<b>Post</b>
MASFJORDEN KOMMUNE		Austfjordvegen 2724	5981 MASFJORDNES